



## FORHÅNDSKONFERANSE/OPPSTARTSMØTE

Møtedato: 08.10.2020  
Stad: Surnadal kommune  
Plannavn: Pipelife AS - Utvidelse av industriområde  
PlanID: 20200010  
Saksnummer: PLAN-20/00309

### Deltakere:


Frå forslagstillar: Sigmund Aanstad - Pipelife  
Svein Settemsdal - Pipelife  
Hans Mogstad - Pipelife  
Odd Mareno Bæverfjord – Suconsult AS  
Frå kommunen: Håvard Stensønes

### Planområde:

Planområdet er vist i kommuneplanen sin arealdel som framtidig utviding av industriformål.

### Gjeldande planer i området:

Kommuneplanen sin arealdel, vedtatt 09.11.2017



### Formål med plana:

Tilrettelegge for meir lagerplass og oppstilling av semitraller. Det blir i dag nytta eit eksternt lager i Røtet for lagring av rør og det er intensjon om å samle lagerkapasiteten innanfor fabrikkområdet, og oppnå betre logistikk. Pipelife har følgande tilleggsopplysningar ut over det som er innsendt i forkant av møtet:



*i) Vi utnytter i dag et eksternlager i Røtet for lagring av rør. Transporten dette genererer til/fra Syltbakken er både økonomisk og miljømessig lite bærekraftig. I tillegg skaper det en unødvendig trafikkbelastning for lokalmiljøet mellom Syltbakken og Røtet.*

*ii) Med dagens salgsvolum kan vi på enkelte dager laste over 30 vogntog med rør og deler. Det er svært utfordrende for både oss og transportør å få dette til, uten at det resulterer i lange ventetider for enkelte sjåførere. Med planer om ytterligere vekst og utvikling, blir ikke denne utfordringen noe mindre. For å bedre utnyttelse av materiell og mannskap har vi sammen med Surnadal Transport kommet frem til en løsning for bruk av løse semivogner som lastes og allokteres av oss, og hvor transportør da bare trenger å «bytte» vogn hos oss. Tanken er å bruke denne løsningen på en andel av volumet for å avlaste «normal» utlasting. Dette krever imidlertid at vi har areal til et depot for semivogner på eget område.*

### **Plantype:**

Plana skal utarbeidast som ein detaljreguleringsplan

### **Vurdering av plana:**

Det er forståeleg at Pipelife ønsker å samle sin aktivitet innanfor eige fabrikkområde. Planinitiativet er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Det er viktig å hensyn til jordbruksdrifta så lenge det er mogleg. Når området skal omdisponerast vil kommunen stille krav om at matjorda blir teke vare på. Det må takast inn planbestemmelse som sikrar dette: *Matjorda som blir berørt av planen må skaves av og ivaretas, og skal brukes til jordbruksformål i nærområdet. Landbrukskontoret i kommunen skal godkjenne plan for matjorda.*

Det må vurderast vegetasjonsskjerm eller gjerde mot naboar i sør. Det må også vurderast å sette inn ei byggegrense mot sør som gir naboane forutsigbarheit før utbygging. Det må gjerast ei støyvurdering som del av planomtalen.

Kommunen ber om at det i planomtalen blir vurdert byggegrense mot aust for å ta hensyn til landbruksinteresser og vurdere skyggeverknad til dyrkajorda som følge av utbygging eller oppsetting av tett gjerde.

Kommunen oppfordrar til at det blir arrangert informasjonsmøte til alle naboar før det blir varsla oppstart av planarbeidet.

### **Planprosess:**

Kunngjering av planoppstart blir gjort i minst 1 lokalavis og på kommunens nettside. Berørte grunneigarar, rettighetshavere, naboer, samt velforeninger bør



underrettes ved brev. Det bør innhentas særleg uttale fra følgende overordna myndigheit:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen Region midt  
NVE  
Mattilsynet

#### Krav til dokumentasjon

- Konsekvensutredning skal ikkje utarbeidast, men planomtalen må inneholde ei konsekvensvurdering for relevante tema.
- Reguleringsplankart i målestokk i 1:1000.
- Plankartet skal utarbeides i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for arealplaner.
- Reguleringsbestemmelser utarbeidet etter miljøverndepartementets veileder.
- Planbeskrivelse skal følge med som en del av dokumentasjonen.
- Det skriftlige materialet sendes elektronisk. Skal skrives i word eller open office (.docx, .odt eller tilsvarande). Tegningsmaterialet sendes inn som pdf-filer. Plandata leveres i feilfri SOSI versjon 4.5 med kontrollrapport.
- Redegjørelse mht. estetikk og universell utforming) skal inngå i planbeskrivelsen (Tilpasning til terreng og landskap.)
- Parkeringsløsning og uteoppholdsarealer skal dokumenteres.
- ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse) gjennomføres som ein del av planomtalen.

#### Planleggingsgrunnlag

Kommunen leverer: naboliste, gjeldande reguleringplan. Kartgrunnlag må kjøpast av ambita infoland eller liknande.

#### Politisk forhåndsvurdering

- Det er mogleg å få planutvalgets råd om det bør arbeides vidare med å lage ein reguleringsplan.

#### Vidare framdrift

- Ny forhåndskonferanse er avtalt til .....
- Plan sendes kommunen til gjennomsyn før den endeleg oversending
- Intern oversending .....
- Planutvalget førstegangsbehandling blir gjennomført utan unødige stans, og seinast innan fristar PBL fastset.

Fremdrifta betingar at forslagsstiller overhald eventuell avtalt dato for innsending og at mottatt dokumentasjon er komplett og har nødvendig kvalitet - både kartdel og skriftlig del, inkludert bestemmelsane. Hvis materialet ikkje har nødvendig kvalitet og/eller ikke er eintydig må ny fremdrift avtales, evt. ny forhåndskonferanse avholdes. Kommunen er pliktig til å melde fra innen 4 uker etter mottak av dokumentasjonen.



---

*Dersom forslagstiller eller interne møtedeltakere har oppfattet andre signaler under møtet må tilbakemelding om dette gis innen 2 uker fra mottak av referatet.*

*Henvendelser vedrørende denne saken sendes pr. e-post til [post@surnadal.kommune.no](mailto:post@surnadal.kommune.no).*

Det er forslagsstillers ansvar å følge med på i hvilket møte saken tas opp til behandling. Det blir ikkje sendt ut varsel om møte eller evt. befarings. På kommunen sine nettsider [www.surnadal.kommune.no](http://www.surnadal.kommune.no) under menyen "**Postliste/Politiske saker**", er det innsyn i dei politiske sakene. Informasjon om reguleringsplaner finn du under menyen "**Planer**". Plansaker til høyring/ettersyn finnes under "**Kunngjeringar**".

### **Saksbehandlingsgebyr**

Link til [Surnadal kommune sine gebyrsatser for behandling av reguleringsplaner](#)